

# Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 4 2017

**Eit godt liv på Varhaug**
Side 2-5

**Varhaug ungdomskule til Tyskland**
Side 6-7

**Lennsmanns-løa ungdoms-klubb**
Side 18-19

**Varhaugs-prosjektet**
Side 22-23

**Korpset hausten 2017**
Side 24-25






## VarhaugsPulsen

Side 17



# Eit godt liv på Varhaug

**Livet har vore godt, seier Holger Kjølvik. - Eg har hatt nok å leva av og meiningsfylte verdiar å leva for.**

*Tekst: Sjur Håland*

I august runda bygda sin eigen Holger, Holger Kjølvik, 80 år. Vaksen alder er inga hindring for den spreke og omtykte pensjonisten som svært mange varhaugsbuar har eit forhold til.

*- Du kan koma på onsdag. På torsdag reiser eg til Eiken*

*og vidare til Åseral på julemesse, seier Holger, og krysser av tid for eit intervju i den sjuande sansen.*

*- Travel?*

*- Ikkje så veldig. Det er radioen, veit du. Så er eg med i komiteen for Vi over 60 og er framleis litt rundt og talar på møte.*

**Frivillighetspris**

Du har kanskje hatt Holger Kjølvik som lærar på søndagsskulen. Eller treft han på eit bondelagsmøte, høyrt han synga i ei gravferd. Kjøpt misjonslodd av han på Spar eller vore saman med han på eit eldretreff eller møte. Holger Kjølvik har vore synleg for mange gjennom mange tiår, og har motteke Hå kommune sin frivillighetspris for innsatsen og samfunnsengasjementet. Ein lengre biografi hadde vore perfekt. Denne gongen får me greia oss med kortversjonen.

**Til Tryggheim**

Han kom til verda på ein gard i Kjølvik i Jelsa 24. august 1937. Historia er for lang, men kort fortalt hadde det ikkje kome born til verda på den garden på 80 år. Så Holger vart godt motteken. Like godt motteken vart han truleg då han kom til Jæren og det som då heitte Tryggheim Ungdomsskule vinteren 1954/55. Her vart grunnlaget for den vidare lagnaden lagt.

*– Eg vart ein kristen på Tryggheim. Og så trefte eg Jorunn (Auestad) som vart kona mi, fortel han, grip rundt kaffikanna med ein stor arbeidsneve og skjenkar kaffi i fin porselen.*



**Offisersattest**

Historiene kjem på rams. Andletet og blikket er guteaktig og livleg. Ikkje sjeldan blir latterdøra opna på vidt gap. Som då han fortel om den 16 månadar lange militærtenesta som han starta på i 1957. Han fekk ein teneste blant offiserar som han i utgangspunktet mangla skulekompetanse til. Offiserane var skeptiske, men let han prøva seg. Etter 16 månadar fekk han følgjande sluttattest:

*- Du skulle ikkje tilfeldigvis ha ein yngre bror som kunne teke over etter deg?*

Seinare fekk han lærarjobb i Jelsa.

*- Eg var der i eitt år. Det var kjempegildt, eg kunne nok vorte lærar om ikkje saker og ting hadde laga seg annleis.*

Valet vart enkelt for den unge fjordabuen.

*- Eg vart ikkje lærar. Det vart Jorunn og Auestad i staden. Det var ein styrelse. Eg har aldri angra.*

**Kveitebrød i kålrabiåkeren**

Den formelle overtakinga av bruket på Auestad i Varhaug skjedde rett før vårvinna i 1961. Utpå føresommaren, 27. mai, feira han bryllaup med si Jorunn. Kveitebrødsdagar kan vera så mykje. Jorunn og Holger feira sine med tynning i kålrabiåkeren. Holger reiste også litt som forkynnar dei første bonde-åra.

*- Korleis var det å koma til Auestad og Varhaug?*

*Holger bruker ikkje tid til å tenkja seg om.*

*- Det var berre positivt. Sommaren 1961 var i tillegg uvanleg solrik og varm.*

**Bilfritt på Auestad**

Garden var stor med samla 500 mål jord. I fjøset var det plass til eit par hestar, 11 kyr og 14 sauer. Svigerfaren, Asbjørn Auestad, budde i kammerset og den nordre stova. Måltida hadde han saman med dei nygifte på kjøkkenet.

*- Asbjørn var gild og skvær. Det var ei stor sorg då han døydde brått i 1969, minnest Holger.*

Det kan vera ei øving å ta følgjande inn over seg: På bruka på Auestad var det ikkje ein einaste bil eller ein einaste traktor så seint som i 1961. Bøndene Eirik og Tobias, begge med etternamn Auestad, hadde Tempo-motorsyklar, det var det heile. Bøndene sela på hestane og dyrka rotfrukter, korn og gras. Og sjølvsagt grønsaker og poteter til eige hushald. Kornet vart hesja og ut på vinteren treska i løene. Arbeidet kunne vera både strevsamt og travelt.

*- Men folk på Varhaug var utruleg flinke til å stilla opp og hjelpa kvarandre. Det rådde ei dugnadsånd i bygda som eg ikkje var van med frå før.*

**Gode naboar**

Dottera Aud Karin kom til verda i 1963. Ho vart einebarn, men langt frå åleine. I nabotunet i den store barneflokken til Maria og Eirik var det liv nok.

*- Ho fekk eigentleg veksa opp saman med barneflokken deira. Det var gilde år med gode naboar.*

Aud Karin bur i dag i Kristiansand der ho og mannen har sin eigen familie.

Bondelivet var godt, men gav ikkje allverda i form av gods og gull. Særleg ikkje i starten.

*- Første året hadde me ei skattbar inntekt på 5000 kroner, minnest Holger.*



## Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, DNT Edru Livsstil, Vennelaget for Lerbrekk Skule, Elgane Motorsykkel klubb og Vennelaget for Lennsmannsløå

**Styret for Varhaugbuen er:**
**Leiar**
Jon Harald Håland, bedriftsforeninga
**Nestleiar**
Terje Lerbrekk, 4H
**Sekretær**
Per Arvid Jakobsen, misjonshuset
**Kasserar**
Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule
**Styremedlem**
Lenita Salte, bondelaget
**1. varamedlem**
Kjartan Aanestad, skulekorpset
**2. varamedlem**
Elin Hobberstad, Elgane
**Redaktør**
Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav*
*i still og einsam ro.*
*og graset legg om namnlaus grav*
*ein gløymsleklednad god.*
*Men ein og annan merkestein*
*held fast eit minne enn*
*der han står vakt om deira bein*
*som levde i vår grend "*



Seinare gjekk han Vinterlandbruksskulen. Utover på 1970-talet kom det vidgjetne Opptrappingsvedtaket frå styresmaktene. Bøndene fekk eit løft, og Jorunn og Holger kunne bygga både moderande grisehus og seinare ny stor driftsbygning.

**Mista Jorunn**

*- Jorunn var makelaus, seier Holger.*
*- Ho hadde eit smittande humør og var ein god partnar på både det menneskelege og åndelege planet. Ho var sjef i grisehuset og styrde skuta då eg låg på sjukehuset på ryggen i 90 dagar etter ein operasjon.*

Tapet var stort då ho døydde av kreft berre 60 år gammal i 1998. Då var prosessen med å selja garden til Toril og Tommy T. Skretting i gang. Siste tida Jorunn levde kunne Holger følgje henne tett utan å tenka på gardsdrifta.

*- Etter at eg hadde selt garden, var eg åleine, hadde ikkje slektsband og stod heilt fritt. Eg kunne valt å flytta frå Varhaug, men det var aldri aktuelt.*

**Teneste blant eldre**

På måndag var Holger saman med ei kvinneforeining og besøkte Heimtun. Der har han vore før. Mange gonger. Då han var i 30-års alderen hamna han i sosialstyret etter å ha blitt valt inn i kommunestyret (eit uhell i følgje han sjølv). Der såg han behovet for å gjera ein innsats på eldreinstitusjonane.

*- Eg slutta av engasjementet i søndagsskulen og gjekk på Sjukeheimen på søndagsføremiddagane i staden. Friviljug arbeid blant eldre har nok vore mi greie, seier han.*

Å prata med dei eldre, plassera trekkspelet i fanget og synga kristne salmer og skulesongar var kjærkome for alle partar. Holger inkludert. Det friviljuge engasjementet auka.

*- Det vart etter kvart for få søndagar, så eg byrja å besøka Heimtun på laurdagane. No prøver eg også å stikka innom Klokkartunet av og til. Men du må ikkje få fram dette som skrøyt. Eg opplever stor glede i dette som eg kjenner eg har eit kall til.*

Forkynning gjennom Jæren Misjonsradio har betydd mykje for Holger. Han har vore med bak mikrofonen frå starten i 1985 og er framleis å høyra for dei som vil lytta. Med DAB og internett når faktisk sendingane frå studio på Tryggheim verda rundt 24 timar i døgnet.

**Meiningsfylt**

Holger Kjølvik kjenner like mange i bygda som dei som er fødde her gjer. Opp gjennom åra har opplevingane vore mange. Noko kan han fortelja om, andre ting held han heilt for seg sjølv. Å oppleva at folk kjem til trua er stort.

*- Ja, det har vore sterke opplevingar. Og meiningsfylt.*

Holger har sunge i gravferder i alle år frå 1970. Då er det ofte himmelsongar som står på repertoaret. Favoritten er «Jäg har hört om en stad.»

*- Eg var bonde og kunne skifta frå fjøsklede til mørk dress på dagtid. Det høvde godt og det var meiningsfylt å bidra i sørgjehøgtider på denne måten. Det er ei tid for alt, no syng han mest ikkje lenger i gravferder, fortel han.*

Hausten 1997 vart 60-åringen spurt av gravferdsbyrået Krogedal om å starta som bedemann på Jæren.

*- Laurits Hårr hadde nett slutta då. Eg sa ja.*

Arbeidet hadde han i 13 år, fram til 2010. Han arbeidde på provisjon, og tenesteområdet var oftast i Hå.

**Bedemann**

*- Eit spesielt yrke. Korleis var det å ha ein slik jobb?*

*- Eg såg på mi rolle som ein tryggleiksperson for folk i ei alvorleg krise. Det kunne vera tøft. Einskilde døyr mette av dagar, medan andre dødsfall kjem brått og uventa på. Ulukker, unge folk … Eg visste aldri kva som kom og kva tid telefonen ringde. Bondelivet var ein god bagasje å ha med seg. Eg var fleksibel og kunne rykka ut kva tid det skulle vera.*

*- Vart du aldri overmanna av kjensler?*

*- Det handlar kanskje mest om korleis ein er skrudd saman. Eg har ikkje så lett for å gråta. Men det har ikkje alltid vore slik, eg vart kanskje herda då eg var barn, smiler han, og held fram: – Mor og eg spelte Dam. Foreldra lar gjerne ungane vinna. Det gjorde ikkje mor. Eg tapte så det sveid. Eg hugsar eg sat under bordet med armane rundt eit stolbein og grein etter å ha blitt slått i Dam. Kanskje eg vart herda då?*

**Ikkje mørk og tung**

*- Vil du definera deg som ein konservativ kristen?*

*- Ja, det er rett. Eg er konservativ, men ikkje mørk og tung.*

*- Du er omtykt i det breie lag i bygda. Kvifor?*

*- Det er no dine ord. Men Odd Dubland snakkar om å vera liketil. Kanskje det høver for meg. Eg er alltid meg sjølv, og har kanskje den rette magefølelsen i møte med folk.*



**Ny kjærleik**

Kjærleiken kjenner ingen aldersgrenser. Holger hadde kjent Valfrid Haugvaldstad i mange år. Anestesisjukepleiaren Valfrid har mellom mykje anna vore i misjonærteneste for Norsk Luthersk Misjonssamband i Tanzania i 16 år. Valfrid og Holger vart gifte sommaren 2000 og flytte to år seinare frå kårhuset på Auestad til eit hus på stasjonen. I dag nyt dei to eit aktivt pensjonisttilvære saman.

*- Me har det godt. Du må få med at eg først og fremst er takksam for eit godt liv, seier Holger Kjølvik og følgjer skrivaren like ut i haustmørkret på trappa.*

# «Haustfest» på Fellesen

Då dei feira 40 års jubileum i 2015, tykte dei det var så vellukka, at dei hadde lyst til å laga til noko igjen.  Fellesen har hatt eit kjempegodt år, og dette ville dei gjerne markera og gje noko tilbake igjen til kundane. Difor vart det ei helg med lapskaus i tillegg til kaffi og kaker, og mykje folk var innom. Bjarte seier han trur ikkje akkurat dei selde så mykje desse dagane, men det er viktig å vera på hogget. Og nå før jul er det ekstra viktig å syna ai dei har mange gilde julegåvetips.

# Fellesen vart premiert

Sist veke fekk Fellesen på Varhaug ein "bronsemedalje". Kvifor? Jau, smanlikna med 20 andre butikkar der det vart det sett på vekst, inntjening og kvalitet, kom Fellesen på Varhaug på bronseplass. Dei fekk sjølvsagt ikkje ein medalje, men eit innrama bilete der det stod om 3. plassen. Bjarte seier han er veldig takksam for 3. plassen, men legg til at dei og har ein liten fordel; dei slit ikkje med kostnaden med eit nybygg som andre kanskje har. Varhauguen ynskjer til  lukke til med prisen, ogå nå gjeld det om å gå i "hardtrening" så vert det kanskje sølv eller gull neste gong?. Stå på vidare!

Slakteren
MAT I MESTERKLASSE
R.SKRETTING A.S

SpareBank 1
SR-BANK
Sammen får vi ting til å skje.





## FRÅ REDAKSJONEN

I nr. 4 i 2016, skreiv eg at me hadde ein veldig fin haust. I år kan eg vel seia  at me har ein veldig våt haust. Forresten tykkjer eg at heile 2017 har vore våt. Får setja vår lit til at 2018 vert betre, for all den «bløydå» slit på dei fleste.

Nå er det tid for julemesser, og då går det plutseleg opp for meg; det går mot jul! Uff, eg er visst ikkje klar for den endå.  Men det nyttar jo ikkje å snakka slik, for tida og dagane går sin gang uansett. Og i slutten av månaden tennar med julegrana på torget, og me er i advent. Ynskjer alle lesarane ei fin advent tid.

Må nytta høvet til å takka alle som har levert stoff til bladet gjennom året. Eg får skryt for bladet, men det hadde ikkje vorte noko blad utan alt som kjem frå eigarane og andre.  Og så må eg ikkje gløyma Odd i Jærprint. Me har eit veldig godt samarbeid, men det er han som gjer at bladet vert så fint.






*Frå venstre: Sivert Varhaug, Lars Kydland, Bjørn Andre Haugland, Kari Netland, Natalia Dziewulska og Mikal Risa.*



# Varhaug ungdomsskule til Ahaus, Tyskland

## Erasmus+ Europeisk samarbeid

**Laurdag 23. september drog fire elevar og to lærarar frå Varhaug ungdomsskule på ein vekestur for å besøke ein skule i Ahaus, Tyskland. Først overnatta vi ei natt i Amsterdam kor vi gjekk rundt i byen, besøkte museum og koste oss. Dagen etter drog vi til Tyskland med tog, og elevane blei der møtt av vertsfamiliane sine.**

Dei fire elevane har skrive litt kvar om det dei opplevde på turen til Ahaus. Her er nokre av tankane dei har gjort seg etter å ha vore med på denne turen.

**Inntrykk av Tyskland**
Før me reiste på denne Erasmus+ turen, var det mange som meinte det kom til å bli kjipt. Då eg først fekk vite at eg skulle til Tyskland, hadde eg blanda tankar om det. Grunnen til det var at Tyskland var siste valet mitt, for å vere ærlig. Eg hadde aldri trudd at det kom til å bli så kjekt! Eg trudde heller ikkje at eg kom til å kome så godt overeins med fosterfamilien min, vennane hennar og resten av Erasmus+ deltakerane. Men det gjorde eg verkeleg. Til og med blei eg kjent med mange frå Ahaus som ikkje var med i prosjektet .

Tyskland i seg sjølv var eit veldig bra land. Byane/plassane vi besøkte var fine, men skilte seg ikkje særleg ut frå Norge eller Polen. Før eg kom fram til der eg skulle bu, såg eg føre meg at ho eg skulle bu hjå budde i eit hus bygd av rød murstein. Det stemde ganske godt. Eg prøvde masse forskjellig mat som eg ikkje hadde trudd eg kom til å lika. Det viste seg at eg likte maten veldig godt! Vi var også heldige, sidan Tyskland leverte bra ver til å vere utpå hausten. Om morgonen var det derimot heilt sjukt kaldt. Dei fleste vi møtte var høflege, venlige folk!

Eg er heilt forferdeleg glad eg tok sjansen på å reise, sidan det ga meg eit heilt anna syn på mange land. Turen gav meg ein oppleving eg ikkje ville ha bytt mot noko anna. Eg er takknemleg for alle som gjorde den veka så sjukt spesiell, og eg set stor pris på kvar enkel elev som deltok på denne turen!

**Skulen i Tyskland**
Skulen vi besøkte var bygt på 1800 talet, og den låg midt i byen Ahaus. Skulebygningen såg veldig gammal og roten ut på utsida, men inni bygningen var den veldig ny og rein. Det mest spesielle med denne skulen, var at dei hadde eit kors i kvart klasserom. Kantina var open i kvart friminutt, og klassene var i frå 5.klasse til 12.klasse. Generelt var skulen veldig forskjellig frå den vi har her på Varhaug.

**Tema for turen: Cyber ethics**
Tema for veka i Tyskland var «Cyber ethics», noko som vi lærte ein heil masse om. Vi delte tankane våre gjennom skodespel, oppgåver og presentasjonar, og dette fekk oss til å bli betre kjent med medelevane. Nokre gonger var oppgåvene veldig vanskelege, men dei var spennande å jobbe med.

**Tur til Nordsjøen**
Ein av dagane i Tyskland reiste vi ein tur til Nordsjøen. Turen frå Ahaus til Nordsjøen varte i 3 timar. Me gjekk i sorpa, og me såg på krabbe og mark. Etterpå gjekk me i 40 minutt til der selane var. Vi såg også på når dei gav selane fisk til mat. Når dei gav maten, så hoppa selane etter den. Viss dei ikkje klarte å fange maten I lufta, så symde dei etter fisken. Eg såg derimot ikkje alt av det som skjedde, fordi det var så mange folk der..

**Å bu hjå ein vertsfamilie**
Det første møte med vertsfamilien var litt skummelt, men etter kvart var det ikkje skummelt i det heile tatt. Dei var veldig vennlege, og det tok ikkje lang tid før eg følte meg som ein del av familien. Eg og min vertselev vart ganske så gode venner. Vi hadde alltid noko å snakka om og vi hadde alltid noko å gjera på. Vi delte fleire interesser, noko som gjorde at vi kunne snakka i timesvis. Eg er glad for at eg fekk akkurat denne verstfamilien og vertselven, for eg kunne ikkje fått ein meir vennleg og snill familie.



*Vertsfamilien min: meg, Mark, Magdalena og Aurelia*

# Bring The School to England

*Av: Stine Nevland*

**Høsten 2015 valgte jeg å søke på programmet "Bring The School to England" gjennom Bergeland Videregående Skole. Dette var mitt andre år på medier og kommunikasjon, og Bergeland tilbydde dette året i Taunton - som ligger sør-vest i England. Bergeland sender ned 15 norske elever fra medier og kommunikasjon, og 15 elever fra design og håndverk hvert år. Der ville vi få gym, programfag og engelsk undervist av engelske lærere, og samfunnsfag og norsk via videokonferanse med en norsk lærer.**

Da jeg kom til Taunton i begynnelsen av september ble jeg tildelt en vertsfamilie som jeg skulle bo hos i løpet av året. Familien min bestod av Mark, Magdalena og datteren deres Aurelia, som da var 5 år. Jeg var veldig heldig med min familie, og de tok meg ofte med på aktiviteter som turer til stranden, forskjellige arrangement og squash trening. Jeg meldte meg også inn i det lokale fotball-laget "Ash Rangers" som gjorde at jeg fikk reist litt rundt i England, og bli kjent med flere folk.

Det var også flere som benyttet muligheten til å ta bilsertifikatet mens vi var der nede. I England er aldersgrensen 17 år, og prisen ca. 1/3 av prisen i Norge. Jeg, som hadde øvelseskjørt en gang før jeg reiste til England måtte ta utallige kjøretimer, i tillegg til teori og oppkjøring betalte jeg 10 000 kr. Dessverre vet jeg ikke om dette lenger er mulig i og med at England har meldt seg ut av EU.

Vi hadde også et program kalt "The social program" som tok klassen med på sosiale eventer på fritiden



våres. Her besøkte vi for eksempel: durdle door, Cardiff, var på Universial Studio Tour, Bridgwater carnival, surfing, rafting, zip lining, paintball, musikal osv. Flere elever benyttet også anledningen til å reise flere steder rundt i Europa eller i Storbritannia. Jeg fikk blant annet besøkt Wales og Skottland under oppholdet mitt, sammen med flere turer rundt om i England. Det var også flere som tok togturen til Paris, reiste på konserter og var på Banksy utstilling.

Dette året gav meg utrolig mye. Jeg fikk venner for livet, jeg ble mer utadvendt og selvstendig, og jeg fikk opplevelser som jeg aldri kommer til å glemme. Jeg har fortsatt god kontakt med vertsfamilien, og vi besøker hverandre så ofte det lar seg gjøre. Selv om det i begynnelsen var litt rart å venne seg av å ta 40 minutters dusj, var det så verdt det!

**Så om jeg har et råd til alle dere som går på ungdomsskolen eller videregående nå, så REIS – reis på utveksling.**



*Durdledoor*



*Klassen på surfing arrangert via "The Social Program.*







# Ingeborg Erga 90 år



### Kvifor ho kjem i Varhaugbuen?

For det første er ho frå Ånestad, for det andre har eg trimma saman med henne på Nærbø, før bygdekvinnelaget og Sissel starta med trim på Varhaug, for det tredje var eg med og feira henne på Jærbuen og for det fjerde – som er det aller viktigaste – dette viser kor viktig det er å vera i aktivitet  sjølv om ein kjem opp i åra. Sjølvsagt er det nok mange  som ikkje kan vera så aktiv, som dei gjerne ynskjer, av helsemessige årsaker. Men litt bevegelse klarar vel dei fleste? Til lukke med dei 90 Ingeborg!
Liv








# Hå karateklubb til VM

**Hå karateklubb har i helgen 26.-29.oktober deltatt i FSKA (Funakoshi Shotokan Karate Assosiation) Word Championship I Crawley, England. Dette var 19.gang det ble arrangert verdensmesterskap i organisasjonen. 600 utøvere deltok fra 18 land. Hå karateklubb representerte Norge med 4 utøvere.**

Sensei Audrone Sirokova (6.dan) vant gull i kata i klassen 40-50 år 3.kyu and above. I samme klasse tok Heidi Lode (1.dan) sølv.

I klassen 30-40 år 2.dan and above klarte Magnar Lode (2.dan) bronse.

Hå karateklubb deltok også i team kata mix i klassen 30-50 år hvor det ble oppnådd ett sterkt sølv. Team kata mix bestod av Sensei Audrone Sirokova, Heidi Lode og Magnar Lode.

Kristoffer Olsen (2.kyu) klarte å oppnå en sterk 4.plass i kata i klassen 15-17 år 3.kyu and above.

I tillegg deltok Kristoffer Olsen på seminar med Shihan Funakoshi torsdag kveld, og Sensei Audrone Sirokova var dommer lørdag og søndag.

Vi hadde ei flott helg i England. Det var travelt, men sosialt, lærerikt og kjekt. Vi traff på mye kjekke folk og forhåpentligvis knytter vi nye og gode bånd over landegrensa. Det har vært mye hard jobbing for å oppnå disse resultatene, men det var vel verdt det. Vi håper at flere medlemmer vil gjøre det samme som oss neste år, da verdensmesterskapet blir holdt i Portugal.

Ellers har én utøver deltatt i sørlandscup 28. oktober i Mandal, Mantas Janonis (1.dan). Han vant både kata og kumite i sin klasse, og fikk i tillegg bestemannspremie for beste utøver i gruppe menn.



*Magnar Lode, Sensei Audrone Sirokova og Heidi Lode.*

23. september var vi i Sveio på vestlandscup. Gode prestasjoner ble vist av våre deltakende utøvere. Kristoffer Olsen 3.plass i kata.  Mantas Janonis 3.plass i både kata og kumite. Heidi Lode 2.plass i kata.

Det har vært en travel høst i Hå karateklubb, og det blir ikke pause i klubben før til jul. Nå er det gradering som står for tur i slutten av november og mange medlemmer skal graderes.

Hå karateklubb har stor aktivitet, og vi har treninger mandag til fredag på Varhaug, Nærbø eller Vigrestad. Ta gjerne kontakt derom du/dere har spørsmål, eller besøk våre facebook-, eller nettsider.

*Heidi*












Nytt frå  Misjonshuset

# Snart jul

Og så var julemessene over for denne gang. Det er snart jul.

Dei to større arrangementa før jul vert eldremiddagen og «me synger jula inn», både arrangementa vert 17. desember.

Men før det er mange med og tenner julegrana på torget, for første søndag i advent er rett rundt hjørnet, 3. desember og tenninga er på fredag 1/12.

Så er det fortsatt ein del møter på misjonshuset, sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Dersom du liker å syngja i lag med andre, så er det eit rikt kor-tilbod på misjonshuset. Minikor (for barn frå 4 år), yngreskor, musikklag (med mest veldig godt vaksne) og koret Hananja for dei i beste alder. Men ungdomskoret er no stoppa.

I tillegg til kor,- er det fleire lovsongsgrupper som øver på misjonshuset og dei deltek ved ulike samlingar,- og dei er fast innslag på SUNDAG. (SUNDAG er felels samling på søndagar i oddetals veker)

Og innimellom er det utleigd til selskap og ymse andre slags arrangement.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808.  Det er  berre 1 time, men ein  kan tinga rom ved bruk av internett,  sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

*Med helsing, Per-Arvid*

# Refleks…Refleks…Refleks…

**Det er mørketid. Husk difor lys på sykkelen, refleks på kleda eller aller helst refleksvest når du ferdast ute i mørkret.**

**Hå skulesjakk:**

# Flott innsats

Skulesjakken er no på Varhaug på onsdagar kl 1730-1845. I Lensmannsløa. Årsak er at det skal byggjast om på Vigrestad, biblioteket skal inn i kulturtorget, dei lokala der me har spelt sjakk og som også tidlegare har vore bibliotek.

Det har vore fleire nye spelarar,- de beste frå før har begynt å spele på Jæren sjakklubb på Bryne.

I helga 10-12 november er det NM for ungdom i Kristiansand.

Her er 6 gutar frå Varhaug påmelde. Håper dei får ei god oppleving,- kommer tilbake til resultat i neste nummer av Varhaugbuen.

I KM for barn og ungdom 1. oktober vart Roar Sola nr 7 i ei veldig sterk ungdomsklasse, I gruppe C (13-14 år) deltok 4 frå Hå skulesjakk med brukbart resultat, Oskar Feed Jakobsen nr 9, Sven Tobias Ueland nr 13, Arvid Feed Jakobsen nr 15 og Mads Even Hobberstad vart nr 19.

I gruppe D (12 år) deltok 2 frå Hå, Arnold Johan Helgevold Skretting vart nr 17 medan Asle Kydland kapra 10-plassen.

I klasse G for dei yngste (9 år og yngre) deltok 2 i frå Hå, Ruben Rugland vart nr 29 og Tala Sofie Garborg vart nr 42.

Flott innsats!

Dersom nokre fleir vil vere med å spele sjakk, så er det flott. Me ønsker at dei som er med går i andre klasse eller er eldre. Og vi holder på med speling, opplæring og oppgåveløysing. Velkomen til sjakk i Hå.

Me har ei side på facebook, sjå gruppe «Hå skulesjakk». Og elles er det informasjon om sjakk (med terminliste) på http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/

# Sjakk for vaksne

No vert vaksne spelarar invitert til å vere med i Jæren Sjakklubb.

Jæren sjakklubb har inngått 2-årig samarbeidsavtale med Jæren sparebank og har eit variert speletilbod der me prøver ut ulike turneringsformer.

Og i 26. november skal me arrangere Jæren NGP i Klepp rådhus. Det vert ei hurtigsjakkturnering som vert satt opp for ratingberekning. Me håper på deltaking av gode spelarar frå heile Rogaland og lengre frå.

**12-14. januar** vert det arrangert Vestlandmesterskap i sjakk,- og der må klubben få med eit eller to lag.

Klubben har fått egen internettside: https://www.Jærensjakk.no

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakklubb»

Jæren Sjakklubb speler på Bryne VGS kvar onsdag kl 1900-2200.

**Onsdag 1. november** hadde me ein spesiell kveld, 960 Fischer Random.Her vert plasseringa av offiserane (dei andre brikkene enn dei åtte «bøndene») endra frå runde til runde, medan reglene for flytting er lik dei vanlege sjakkreglene.

**Resultat 960 Fischer Random, 1. novemeber**

| | |
|---|---|
| 1. Daniel Sinnes | 9,0 |
| 2. Ahmad Abdelhafiz | 9,0 |
| 3. Arvid Feed Jakobsen | 6,5 |
| 4. Roar Sola | 6,0 |
| 5. Balder Salte | 5,5 |
| 6. Sven Tobias Ueland | 5,5 |
| 7. Sander Berntsen | 5,5 |
| 8. Olav Einervoll | 5,5 |
| 9. Kim andersen Sund | 5,0 |
| 10. kristian Knudsen | 5,0 |
| 11. Per-Arvid Jakobsen | 5,0 |
| 12. Elias Shamsudin Abdo | 5,0 |
| 13. John Fossmark | 4,0 |
| 14. Håkon Salte | 4,0 |
| 15. Hans Vigleik Jakobsen | 3,5 |
| 16. Kristian Fjelde | 3,0 |
| 17. Asle Kydland | 3,0 |

**På torsdagar** frå 1700 til 1900 kan ein koma på Bryne bibliotek og spele sjakk i ein meir uformell tone. Her vil fleire frå klubben vere med å gje opplæring i sjakk for nybegynnarar.

*Med sjakk-helsing frå Per-Arvid*



# Svala-smæsj!

**Svala-smæsj! Er namnet på Svala sitt nyaste arrangement, ei volleyballturnering for alle klubbane i Hå, Gjesdal, Bjerkreim og Lund.**

Laurdag 11.november var Varhaughallen arena for mykje idrettsglede, konkurranseinstinkt og mykje volleyballtrening. 8 lag stilte på turneringa, 3 lag frå Svala (Varhaug), 3 lag frå Bjerkerota (Bjerkreim), 1 lag frå Solglimt (Vigrestad) og 1 lag frå Firkløveren (Gjesdal).

Alle lag fekk spela 4 kampar kvar, og dermed mykje speletid og kamptrening. Ungdommane som deltok var frå 10-19 år, og såg ut til å vera godt nøgde med dagen. Imponerande var det at Firkløveren 4H vann med sitt seniorlag, som bestod av berre 4 spelarar, medan dei andre laga hadde 6 spelarar. Bjerkerota er sterke i volleyball, og juniorfinalen gjekk mellom Bjerkerota og Svala, der Bjerkerota vart sterkast.

Svala-smæsj! Er ein arvtakar etter Hå-cup, som blei arrangert på Varhaug på 80- og 90-talet.


NORGESHUS Varhaug
jonharald@norgeshus.no

Varhaug Park & Hage
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Lars Gaute Sport
sport 1
VARHAUG 51 43 28 80 NÆRBØ 51 43 43 10






# Haustfest i Svala 4H

På haustfesten i år stilte 67 medlem ut prosjekta sine. Me hadde dekt til 300 gjester og det vart servert lapskaus med flatbrød og saft. Til dessert hadde me 4 kaker sett samen til ei stor ei. Me fekk besøk av varaordførar Mons Skrettingland, Jon Flåten (som haldt festtale), Sør-Jæren sau og geit, Norsvin, Varhaug Bygdekvinnelag, Varhaug Bondelag, Varhaug Bygdeungdomslag og fotoklubben. Me hadde ein fin fest, med dans, latter og god stemning.


KULLSYREMASKIN
FRA AGA
899,-
inkl. patron
bytte av patron 149,-
Finnes i sort eller hvit

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:
EU kontroll •
Hjulstilling •
Service •
Tilhengerservice •
Salg av dekk •
Dekkhotell •

Esso
Varhaug Servicenter A/S
Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

# Stuelandsbygget har fått nye eigarar

**Me er vane med at det er familien Stueland som eig bygget, men nå er det skjedd ei endring. Familien har selt 100% av eigedomen til Gordon Bøe med 65 % og Asbjørn Stueland med 35 %. Desse to har så danna selskapet SOLLEST as.**



Så litt historikk. I 2000 overtok Theis og Asbjørn bygget etter Arild, og før Theis døyde hadde han overført sin del til ungane, Karin, Asbjørn og Theis Leon. Det er ikkje alltid like lett å vera eigar av ein stor forretningseigedom. Så lenge Theis var oppegåande, tok han seg av daglege gjeremål. Men nå med Asbjørn i full jobb i Stavanger og dei andre søskena ikkje buande på Varhaug, vart det ganske tungt mange gonger. Asbjørn har heile tida hatt eit godt forhold til den største leigetakaren Spar og Gordon, og dei har og diskutert kva som skulle skje med bygget. Då Asbjørn skjøna at Gordon kunne tenka seg å gå inn som medeigar, gjekk det ikkje lenge før familien såg kor viktig dette kunne vera, og overdraginga vart eit faktum. Noko som og var ekstra godt var at sjølv om Stuelandsbygget vart selt, var det framleis med ein Stueland som eigar.

Eg var ikkje klar over at Gordon hadde vore tilsett hos Bohus Stueland i 3 år før han overtok butikken «t Auesten» i 1996. Litt gildt å tenka på at han nå er medeigar av bygget han starta i for mange år sidan.

Arild Stueland var alltid oppteken av å marknadsføra Varhaug på ein positiv måte, tenk berre på kva han og Tonning fekk til med Varhaugsmarken. Både Gordon og Asbjørn brenn og for bygda, og når desse parhestane skal dra lasset samen, er eg trygg på at det vil gå godt. Dei kjenner kvarandre godt, dei er begge lune og positive og ikkje minst; dei trivs i lag.

Varhaugbuen takker for hyggeleg prat og ynskjer dei begge to lukke til vidare med Stuelandsbygget. Dei har mange gode leigetakarar, men det er plass til fleire. I andre høgda er det 500m² ledig, om det skulle vera einkvan der ute som har lyst å starta med noko, men treng areal.

*Liv*

# Treskjering

De huskar kanskje at i sist blad skreiv me om treskjering på ungdomsskulen. Dei fleste trur kanskje at dette er berre noko dei vel vaksne driv op med, men biletet her syner noko anna. Elias Herredsvela er ivrig i dette miljøet, og her han og med seg barne barnet Magne.





# Eigarskifte på VarhaugsPulsen

**Det har nok vorte svetta ein del siden eg i det første nummeret av Varhaugbuen i 2005, skreiv om nytt treningssenter på Varhaug, «Formtoppen» i IT bygget. I nummer 3/2009 skreiv eg følgjande: «I første nummer av «den nye» Varhaugbuen, skreiv eg om Formtoppen som opna på Varhaug. Nå er denne historie, og i staden kjem Varhaugs Pulsen i Bohus kjellaren, som 4 spreke unge damer frå Varhaug har valt å satsa på ...»**

Nå er ikkje Varhaugs Pulsen historie, nei tvert imot, den er verkeleg oppegåande. Det er berre kome ei endring; nye eigarar er på plass.

Ronny Gudmestad,og kona Siv, kom med som medeigar i Varhaugs Pulsen med 1/3 i 2016, og nå i vår overtok dei heile bedrifta. For dette er verkeleg ei bedrift med 15 deltidstilsette, flest kvinner og med 360 medlemar frå 14 år og oppover.

Ronny kjem frå Nærbø, men etter han fann kona Siv på Varhaug, bur dei nå her saman med barna; 2 jenter på 6 og 9 år og ein gut på 16.

Både Ronny og Siv har alltid vore interesserte i trening, og Ronny er sertifisert trenarar gjennom Akademiet for personleg trening AFPT.) Ei av dei tilsette, Monica Stavnem Rød, er og sertifisert i AFPT. Denne utdanninga gjer at dei som personleg trenar kan gje gode råd og rettleiing i kva type trening du treng eller har behov for, så her kan ein vera trygg på at kompetansen er i orden.

Ronny har trena på styrke sidan 08, og frå 13 vart han og interessert i Fitness. I denne greina har og Siv interesse. Ho trenar og styrke, og skal i mars delta i Bikini Fitness.

Det er heilt imponerande kva Varhaugs Pulsen har fått til gjennom åra i det gamle lageret til Stueland Møbler. Det er nok ikkje mange som er klar over alt som rører seg i kjellaren når dei er på Spar på handling. Brit Jorunn og dei andre damene hadde fått til 4 store og flotte treningsrom med massevis av utstyr. Men då Ronny og Siv overtok , starta dei med opp pussing i tillegg til innkjøp av mykje nytt i utstyr.

Dei som kjem her, kan velja om dei vil ha trening med instruktør eller berre ha eigentrening, om du vil ha kondisjonstrening, styrke eller spinning. Pr. veke er det og 30 timar med gruppetrening. Det var så mykje forskjellig treningsutstyr, at eg gjekk helst i «baddel» i det første romet. Her er noko som vil passa dei fleste, så det er berre og ta turen ned i kjellaren.

I tillegg til trening for dei store, har Varhaug Pulsen v/Monica, noko som heiter «Zumba Kids» og her finn ein 30 ungar mellom 4 og 11 år. Det er to parti, eit frå 4-6 år og eit på 7-11 år. Kanskje nokon av dykk såg dei i Stuelandbygget under førejuls tilstellinga i fjor?

Utanom treningssenteret arbeidar Ronny 3 dagar i veka hos Årdal Maskinering , mens Siv jobbar 100% på Simplicity production. Men draumen til Ronny er å kunna leva av Varhaugs Pulsen 100%.

Treningssenteret har fleksibel opningstid, medlemane har nøkkel og bestemmer sjølv kva tid dei vil trena. Ronny fortel at det er mykje ungdom som trenar på helgedagar i staden for å gå ute og å vasa. Dette må vel vera positivt. Det er viktig å halda kroppen i form enten ein er ung eller gamal. Og trening er og førebyggjande.

Er du usikker på om denne treninga er noko for deg, kan du kjøpa deg klippekort med 10 klipp til kr. 800, eller du betalar kr. 100 for drop inn pr. gong. Så er det og rabatt om du bind deg for meir enn 3 månadar. Pr. månad betalar du kr. 395 ved å binda deg for eitt år. Kr. 440 pr. månad ved å binda deg for 6 månadar og 490 ved 3 månadars binding.

Etter ein god time med Ronny, takkar eg for både intervjuet og ikkje minst for all informasjonen eg fekk om trening for min eigen del. Det vart mest som ein konsultasjonstime.

*Liv*

***Bilde på framsida av Varhaugbuen:***
***Framme:*** *Ronny Gudmestad, Siv V. Gudmestad,*
***Bak f.v.:*** *Greta Borsheim, Elbjørg S. Engelsvoll og Monika S. Rød*



# Lensmannsløa ungdomsklubb

**Me har hatt ein travel haust og gjort utruleg mykje gildt på ungdomsklubben.**

Me starta med å ha besøk måndagar på dagtid av elevar frå 8.trinn frå Ogna, Vigrestad og Varhaug skule. Dette for at alle nye ungdommar skal vera klar over tilbodet, og vita kvar me held til.

I samarbeid med Loen Ungdomsklubb arrangerte me og gitar og alpakkasafari til Haver sjå Asgaut Steinnes og Laila Luteberget. Det var ein heilt utruleg fin tur!

Me har arrangert kakekurs med Kjellaug Aniksdal, veka etterpå hadde  Reidar Skretting biffmeny der ungdommar hjalp til på kjøkken, Frisørane Gunn Hege Skretting og Kine Nygård klippa og styla ungdom veka etter der, før me avslutta med massasje med Hilde Dubland. Alt dette har vore gratis og sponsa av Frifond.











Dette året var Halloween på ein tysdag, og me hadde det både gøy og skummelt med bl.a spøkelsesrom i andre etasje.

Ungdommane som kjem til løa er frå Sirevåg til Nærbø, ei god blanding. Me har auka besøkstala jamt og trutt frå sommaren, og har dei siste to tysdagane vore ca 50 ungdom. Me har framleis elevar som har valfaget sitt hjå oss, og som hjelper til med mat og aktivitetar i løpet av kvelden. At det er like mykje gutar på som jenter på klubben syns me er GØY!

Nytt av året er og fotmassasje, me fekk kjøpa to maskinar, og desse vert godt brukt. Det er ikkje uvanleg at to «vaksne» ungdommar, iført kjeledress, sit og drøsar mannesnakk ved sida av kvarandre medan dei begge har føtene i fotmassasjen.  Velvære og godt drøs høyrer saman, og me er stolte av all golyd og fine vennskap som får plass på ungdomsklubben vår.

I sommar fekk me og kjøpt vår eige minitrykkeri, som ungdommane kan styra sjølv etter opplæring. Desse er populære og me prøver å ha dei framme mykje. På bilete ser me Andreas Håland som var med og styrte trykkinga då sommartoget var her.

Framover no vert det kinobesøk, og me får besøk av nokre nydelege valpar som Inge Cato Våland skal ha med ein klubbkveld. Me skal ha juleverkstad, julebord og til slutt eit skikkeleg juledisko.  Me skal ha eit samarbeid med Kafe Torjå på Vigrestad, og arrangera nokre disko for ungdom framover neste halvår. Dette julediskoteket vert startskotet for dette.






## Program for Kultur i Løå vinter 2017/18:

**15/12** Julekonsert - med Hanne Sørvaag, Randi Tytingvåg, Britt-Synnøve Johansen. NB: Fredag // Utsolgt 19:00 – Ekstrakonsert 21:00//

**18/1** «Kjærlighetens Bakgater» med Frode Thuen,

Professor i psykologi, parterapeut, skribent og foredragsholder

**Februar:** Vinterferie

**22/3** Sangkveld med Hananja

**Alle arrangement startar 19:00**

**Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.**

Datoar: 22/11, 13/12, 10/1, 24/1, 14/2, 28/2, 14/3, 11/4 og 25/4.

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

**For å få påminning på SMS og mail, kan dykk melda dykk inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571**

**”LIK” Kultur i Løå på Facebook**

### Smart gåvetips til jul - støtt Løå som møteplass

Vennelaget for Lensmannsgarden sel gåvekort som kan nyttast på "Kultur i Løå" arrangement. Gåvekorta kan kjøpast på arrangementa eller ved å kontakta Odd Einervoll på tlf/sms 911 62 407 eller på e-post lensmannsgarden@lyse.net.




# Trea i Stasjonsvegen

Det er sikkert fleire enn meg som tykkjer at desse ser litt misserable ut nå. Eg snakka med Oddbjørg som sa at bygdekvinnelaget hadde gitt spødet til næringsforeninga, så nå var det opp til å få dei ned. Eg har snakka med Reidar og Jon Harald om dette, så eg håpar det kjem ned før julelyset skal opp. Eg tykkjer dette er ei sommargreie.

PS. Eg har fjerna mitt, det eg klarde utan gardintrapp, men det gjorde eg før eg hadde snakka med Oddbjørg.

*Liv*





# Norsk Folkehjelp Hå etablert på Varhaug

**3. oktober ble et nytt lokallag av Norsk Folkehjelp etablert i Hå kommune. Leder Børge Hognestad forteller at første trinn av etableringen er en lokal gruppe med fokus på sanitet og beredskap.**

I løpet av 6 uker har laget klart å bli ca. 70 medlemmer og vi er skal ha tilhold/kontor i Stuelandbygget, 2. Etasje. Vi er svart glade for å være lokalisert på Varhaug. Vi mener dette er sentralt i kommunen med mange muligheter i fremtiden.

NF-Hå er en beredskapsorganisasjon som skal tilby trygghet og kompetansehevning. Et lokallag som tilbyr kurs/opplæring til firma som trenger dette til en fornuftig pris.

”..vi skal selvfølgelig tilby Hå kommune vår kompetanse og kunnskap/utstyr for bruk i beredskapsplaner. Vi jobber målrettet å tilby sanitetsvakter ved arrangement som har behov for dette – ta gjerne kontakt dersom dette skal være nødvendig”. Vi ha fått tildelt Rogaland som primærområde og har et godt samarbeid med andre lag i Norsk Folkehjelp - det ”grønne korset” kommer til å bli synlig i fremtiden der ting skjer.

Vi har den første måneden gjennomført vakter lokalt og i andre kommuner, det oppleves som innbyggerne i Hå ønsker vi skal få dette til.

Arbeidet vi utfører er på dugnad men det koster å drifte. Vårt inntektsgrunnlag er sanitetsvakter og kursvirksomhet - vi tilbyr grunnleggende førstehjelpskurs for bedrifter som eks. hjertestarteropplæring.

Vi har behov for mange flere medlemmer. Aktive eller passive medlemmer er like viktig for oss da en stor del av medlemspengene tilfaller det lokale laget en blir tilknyttet.

Ta kontakt dersom det vurderes førstehjelpopplæring/beredskap i fremtiden..

*NF-Hå*

En alliansebank i eika.



Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme.
Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er ett lag.
Plassert sju bra plasser på Jæren.

Telefon 03290
www.jaerensparebank.no

Bryne ◇ Jærhagen ◇ Kleppe ◇ Kverneland
Undheim ◇ Varhaug ◇ Vigrestad

jæren sparebank

# Varhaug

## Varhaugsprosjektet

**Du lurer nok på kva dette kan vera. Er det noko nytt i sentrum, eller er det kanskje noko nytt som kommunen står for?**

Nei, dette er noko elevane i 3. trinnet på barneskulen arbeidar med. Når me som bur her vert spurde om kor me kjem frå, svarar dei fleste; Varhaug. Men Varhaug er ikkje berre Varhaug, og det er dette elevane nå har lært. Dette er eit prosjekt som skal læra ungane om kor dei bur, læra historia til garden kjenna seg heima der og vera stolte av staden.

**Elevane på 3.trinnet** får ikkje sykla til skulen, så difor er det teke med dei gardane som er nærast; Sør-Varhaug. Bratland, Reiestad og Nordre Tjemsland. Det er planen å arbeida vidare med dette prosjektet neste år og.

**3. trinnet** er delt med 4 klassar. Lærarane har laga eit hefte med mange opplysningar både frå gamal tid og nå om kvar gard, og vist på kart kor denne ligg. I tillegg er det og med mange spørsmål. Dette har elevane fått som lekse. Dei har måtta svara på mange spørsmål om «deira gard», dei har skrive ein del om garden og folka og dei har vore på ekskursjon. Alle 4 gardane ligg i gå avstand til skulen.

Dette var eit veldig interessant tema, som både eg og fleire av lærarane eg snakka med, hadde lært mykje dei ikkje visste frå før. Eg tek her med litt av opplysningane som lærarane har laga til.

**Grøn gruppe** har Sør-Varhaug, gardsnummer 42. Her er det registret folk så langt tilbake som 1519.

**Rød gruppe** har Bratland, gardsummer 43. Det er 3 gardar på Bratland, og det var kyrkja som åtte desse fram til 1850. Då fekk 3 bønder kongeskjøte på garden, og dermed gardeigarar.

**Blå gruppe** har Reiestad, gardsnummer 54. På 1800 talet var det 3 bruk på Reiestad, men seinare vart det 2.

**Gul gruppe** har Nordre Tjemsland, gardsnummer 53. Nett som på Bratland fekk bøndene kjøpa garden sin med kongeskjøte i 1850.



*Elisabeth Vagle og Tobias Malmin koser seg med boka*



*Varg Våland og Magli Varhaug*





*Lærar Kristin saman med Margethe Aanestad og Henrikke Grude Svanes.*

Jernbanestasjonen ligg på garden Varhaug. Hadde den vorte lagt bitte litt lenger nord, hadde det vorte Bratland stasjon.

Elevane eg snakka med fortalte at dei tykte dette var både gildt og lærerikt og at dei hadde kosa seg med leksene.

Dei arbeidar med prosjektet både på skulen og ute. På ute skulen har dei mellom anna vore på tur til Leksaren og på den gamle kyrkjegarden.

Den dagen eg var innom skulen hadde desse kantinevakt: Rikke Herikstad Aanestad, Susanne Aarrestad, Trygve Skretting og Jonas Nygård. Dei kosa seg med osteskiver, som var «løna deira» for godt utført arbeid, før dei andre elevane kom til lunsj.

Gild å arbeida med Varhaugbuen når eg får koma rundt på slike oppdrag. Det var nå eg skulle vore skuleelev. Tenk å få vera med på dette prosjektet og få læra så mykje om staden der du bur.

*Liv*



*Silas Rasmussen og Rasmus Hobberstad*



*Ingeborg Hovland Borgen - seier at prosjektet har vore spanande, men litt vanskeleg.*




# Korpset høsten 2017

**Også i år var Stavanger Open det store målet. Dette er en korps-konkurranse som utfordrer både det musikalske, men også det å ha en rolle på scenen. Lars Ole hadde satt sammen en god samling av sanger som kunne passe til arrangementet i år. Det var alt fra rolige TirNaoir til livlige I`m still Standing fra filmen Sing. Vi hadde et arrangement som vi kalte Stavanger RÅpen! Og dermed så stilte vi opp i finstasen ...**

Vi har brukt høsten til å øve inn sangene, og vi har også siste uken hatt noen ekstraøvelser. Og mulighet for at foreldre kunne komme å høre på.

Konkurannsen fant sted i Stavanger Forum Lørdag 18.11. Her er det Auglend Skolekorps som står som vertskap. Og 26 korps fra hele fylket var påmeldt i år. Vi stiller i 3. Divisjon Janitsjar. Det vil si at vi har mulighet til å ha med både messing og treblåsere. Vi entret scenen kl 13:25 i finstasen vår. Da var det alvor. Vi spillte igjennom nummerene våre. Det gikk veldig bra.












Etter vi hadde vært en tur på Egon for litt mat, Så bar det tilbake til Stavanger Forum, der det skulle være festkonsert med premieutdelinger.

Vi oppnådde en fin 2. plass i gruppen vår. Og får i år igjen tilbakemeldinger på at vi har det gøy på scenen! Vi er små, men store er det også en som skriver. Og ekstra gøy når vi har med piano sier ei, og lurer samtidig på hvordan vi får dette med oss når vi marsjerer. I alt en bra gjennomført konkurannse i år også.

Vi har noen spillinger igjen før vi tar juleferie, og vi gleder oss til å vise oss fram for bygda.

*Mvh Styret.*

**I 2018 er korpset 60 år. Imponerande!** Dei er ikkje mange, men dei held trufast på øving og opptreden. Håpar dei får nye medlemar. Det er nettopp eit korps nær oss, som har måtta kasta inn handkledet. Støtt opp om dessse fantastiske ungane og deira hobby, slik at me kan få ha korps på Varhaug i mange, mange år framover. Trur det er mange som ikkje tykkjer det er kult å spela i korps, og det er synd. Det du lærar i korpset vil du alltid ha med deg. Eg har hatt to ungar som har spela i korps i over 10 år kvar (den eine spelar framleis), i tillegg til at eg har vore med i styret. Så korpset har ikkje berre gitt ungane mine noko dei framleis har med seg, men og meg. Eg brenn verkeleg for korpset, og eg ynskjer dei lukke til vidare, og så får me kryssa fingrane og håpa på mange nye medlemar i i jubileumsåret. Liv



# FOTOKURS I LØÅ

Vennelaget for Lensmannsgarden har i samarbeid med fotograf Asle Haukland gleden av å invitere til fotokurs:-)

Ønsker du å komme i gang med å bruke ditt digitale speilreflekskamera? Mangler du kunnskap og inspirasjon?
Eller kjenner du noen som trenger å børste støv av kamerautstyret sitt?
Da kan dette kurset være noe for deg; her vil du få grunnleggende innføring i kamera, innstillinger og funksjoner.

Kurset vil holdes Lensmannsloå på Varhaug på nyåret,
Interesserte bør sette av tre onsdager fra kl.1900-2130.
- 7.feb
- 21.feb
- 28.feb

Hver bolk vil vare i 2,5 timer, og vi vil blant annet ta for oss disse emnene:
- Blender
- Dybdeskarphet
- Lukker
- Eksponering
- Lysmåling
- Brennvidde
- Valg av objektiv
- Bruk av blits
- Komposisjon
- Farge eller svarthvitt
- Perspektiv og vinkler
- Portretter
- Landskapsbilder
- Nærbilder

I tillegg blir det arrangert en ekskursjon til et sted i nærmiljøet hvor vi kan praktisere fotokunnskap og kreativitet.

Kurset har plass til 8 deltakere, og er åpent for alle aldre.
Krav til forkunnskaper: Ingen.

Kursavgift: 1.500.- pr deltaker.

Påmelding kan gjøres direkte til Asle Haukland:
tlf: 45280838
eller epost: post@aslehaukland.com

KULTUR I LØÅ



# «I Norge har barna mine lært å stole på folk igjen»

**«Norge har gjort familien trygg. Nordmenn er snille, spesielt de nære norske vennene mine som har lært barna mine å stole på folk igjen. Jeg håper at mine barn vil få det de ønsker, spesielt når de studerer.»**

Dette seier **Nebal**, som er 32 år og har flykta frå Syria. Ho er ein av dei 20 deltakarane på Språksprell på Lensmannsløa denne hausten. Me spurde deltakarane om kva dei synest er bra med Norge og kva dei hadde av ønske. Her er det dei svara:

**Nijirvan**, 25 år, bur på Varhaug: « Jeg elsker naturen i Norge og spesielt fjellene i Norge, mange fjell. Jeg håper å finne en jobb og vil også få førerkort i Norge.»

**Omar**, 20 år, frå Syria: «Lovene i Norge er veldig bra. Jeg ønsker å jobbe i Norge.»

**Issa,** 33 år, bur på Nærbø: «Jeg liker sikkerhet og fred i Norge. Jeg håper å finne passende arbeid som hjelper med å integrere meg i samfunnet. Jeg liker å treffe norske venner.»

**Ælæ**, frå Syria: «Norge er et trygt land. Jeg trives veldig godt. Jeg ønsker å lære jærsk. «

**Hindistan**, 27 år, frå Kurdistan: « Jeg liker 17.mai, når alle mennesker er ute og går i 17.mai-tog. Jeg ønsker gjerne å bidra med noe til det norske samfunnet i framtiden. I framtiden ønsker jeg å flytte til en stor by for å skaffe meg en jobb som jeg er interessert i.»

**Orhan**, 23 år:«Ikke dårlig vær, bare dårlige klær i Norge. Jeg vil kjøre bil, og snakke norsk. Hvem kan hjelpe meg? Jeg vil ha nye venner.»

**Saido**, 26 år, frå Somalia: « Norge er et godt land å bo i fordi landet ikke er i krig. Jeg ønsker å lære språket godt, få meg en utdannelse og et arbeid.»

**Alaa**, 22 år, frå Syria: «Hå kommune er en god kommune. Jeg ønsker å bli venner med nye norske folk.»

**Khadija**, 26 år, bur på Varhaug og har 2 barn. Ho ynskjer å få sertifikat for bil. Ho synes alt er bra i Norge.

**Dania**, 28 år, bur på Vigrestad og har 2 barn. Ho ynskjer å gå på grunnskule. Ho har ein kjekk norsk nabo på Vigrestad.

**Areg**, 33 år, bur på Varhaug og har 2 jenter. Ho synes Norge er eit trygt og godt land å bu i, og så håper ho at alle barn får same rettigheter i Norge.

Språksprell Varhaug held til i Lensmannsløa kvar torsdag frå kl 9.00 til 14.15. Språksprell er eit norsktrenings- og integreringstilbod for flyktningar som er busette i Hå kommune og som frivillige norske driv i samarbeid med Flyktningeenheten i Hå.

Visst nokon har lyst å vera med oss, så ta kontakt, me har plass til fleire. Du bestemmer sjølv kor mykje, kor ofte og kor lenge.

*Anny Hagesæter*

# Varhaug Bygdeungdomslag

**Høstkurset i år var på Byrkjedalstunet i Gjesdal. Fredagen og lørdagen var det kursing der en lærte om hvilke roller en har i styret. Mange gode forslag og mye blei diskutert.**

Fredagskvelden etter kurs var det å slappe av før en ny dag med mer kursing. Det blei teambuilding etter kurset var ferdig på lørdagen, der det ble flere utfordringer for de forskjellige lagene. Her var det første mann til å sette opp telt, gjettekonkurranser, quiz og mye mer. Lørdags kveld var det duket opp for bankett med god mat, mange fine taler og gode underholdning. Her hadde hver kursgruppe en oppgave om å lage underholdning til folket under banketten. Her kom gruppene med flere gode innspill, og bra underholdning var det. Alt i alt har me hatt ei veldig kjekk helg på Byrkjedalstunet.



**Nytt styre i BU:**
Fra venstre:
Andreas Kvalbein, Tevling
Birger Hobberstad, Styremedlem
Ane Mjåtveit, Info og sekretær
Martin Hobberstad, Leiar
Tonje Djøseland, Nestleiar
Oskar Håland, Aktivitet

Framme i senter:
Gonnar G. Skretting, Styremedlem.

Ikkje til stede:
Eirik Varhaug jr, Kasserar.

## Nytt fra
# Varhaug Bondelag

Då er det snart jul igjen. Før jul skal bondelaget arrangere julemøte sammen med bondelaget i Søre Hå. Det blir en typisk samling, taleren for kvelden blir Dag Jørund Lønning. Det blir spennende å høre hva han har å si. Se oppslag for tidspunkt. Det blir også sendt ut SMS til medlemmene.

Styret har hatt noen utskiftinger. Lenita Salte og Lene Iren Rangen var ferdige med sine perioder. I tillegg var Mads Ove Skrettingland ferdig med sin periode som varamedlem. Nytt styremedlem er Erlend Ånestad og Lars Torgny Ånestad som vararepresentant.

I dette nummeret i Varhaugbuen har jeg bare lyst å informere bygda om hva landbruket i dette fylket er i tall.

- **4 000** gardsbruk
- **17 000** ansatte i matindustri
- Rogaland er **størst** i landet når det gjelder melkekyr, avlspurker og pelsdyr.
- Det produseres **300 mill** liter melk i året
- **14** millioner kyllinger
- Verdiskapinga er på ca **2,7** milliardar, **80 %** av denne er på Jæren
- Hver arbeidsplass i landbruket skaper **2,5** andre arbeidsplasser.

**Som bønder har vi mye å være stolte av.**

*De beste julehilsener fra styret i Varhaug Bondelag.*



## Litt nytt frå
# Varhaug Bygdekvinnelag

**Året går fort, og snart ligg 2018 blank framføre oss. Me i Bygdekvinnelaget har fullt fokus på at også dette året skal gi inspirasjon og motivasjon. Som vanleg er møtedagen den siste torsdagen i månaden.**

I Januar kjem Margreta Bø for å fortelja om LHL Klinikken på Nærland. Mange har hatt god hjelp herifrå. Det er alltid gildt å få med seg det som rører seg i nærmiljøet.

Innhaldet for møte i februar er endå ikkje heilt klart. Men den som ventar på noko godt ...

Den 21. mars er det sonemøte på Nærbø. Håpar at mange stiller opp då.

I april kjem Liv Klær og Gaver. Då får me snusa på vårmotane. Dette likar me! Og i mai blir det tur.

Velkommen Bygdekvinner. Støtt opp om laget og bygda.

På årsmøtet i september fekk Liv Hobberstad fekk tildelt Norges Bygdekvinnelag si Hustavle for godt medlemmskap i 45 år , ho har nedlagt eit fantastisk arbeid for laget gjennom desse åra.




# Det æ mørketid!

Eg tykte folk, både vaksne og ungar, var flinkare før med å bruka refleks. Det er nok andre og einige i, for dei har sagt at dette burde me skriva om i Varhaugbuen. Dei møter fleire ungar som skal på skulen om morgonen som korkje har refleks eller lys på sykkelen. Så her kjem oppfordringa, og den er viktig: Få på deg refleks slik at du vert synleg i mørkret. Me har ingen å mista!



## Varhaug bygdekvinnelag
# Ja til norske grønsaker



**På stand under mottoet «Ja til norske grønsaker»**

16.oktober var verdens matvaredag, og Norges bygdekvinnelag og Gartnerhallen har sett fokus på norske grønnsaker.

På Varhaug vart dette markert då bygdekvinnelaget delte ut smaksprøve av varm grønnsaksuppe på Spar og Coop Extra. Suppa, som var veldig god, var laga av rødbeter, løk, gulerøtter, poteter, grønnkål og persillerot tilsett salt og timian.

I tillegg til smaksprøven, vart det delt ut oppskrift på suppa. Mange var og heldige, og fekk med seg heim ein pose grønsaker som gevinst.

PRESSEMELDING

# Fra Varhaug Bygdeungdomslag



Norges Bygdeungdomslag aksjoner over hele landet for å sette fokus på sikkerhet for unge i trafikken. Vi har et særlig fokus på hvor farlig fyllekjøring og mobilbruk bak rattet er. Norges bygdeungdomslag vil dessuten rette fokuset mot veistandarden i distriktene og satsningen på vedlikehold av disse.

Vi i Varhaug Bygdeungdomslag er veldig opptatt av trygg trafikk og sikkerhet. Veiene nå til dags er på god bedring langs riksveien, men vi mangler fortsatt trygge, trafikk-sikre veier i bygdene også. Derfor har vi vert rundt på Varhaug og funnet flere steder som vi mener veiene ikke er bra nok.markerte vi landveier som har farlige hull i veien. Dette kan skape trøbbel hvis en har stor hastighet, og ikke legger merke til hullet før det er for sent. Disse hullene er funnet på flere lokale veier som vi mener bør ordnes opp i.

Infoleder, Ane Mjåtveit:
- Hvis en kommer fra Ånestad og ned i sentrum langs landeveien der, så har jeg lagt merke til den ene første svingen er veldig farlig. Her kommer traktorene susene ned fra høyre, som det ikke er bra markert at en har vikeplikt for. Her mener jeg de burde har gjort en bedre jobb med å skilte bedre at en har vikeplikt.

For ytterligere kommentarer kontakt:
Martin Hobberstad(Styreleder), 90988197
Håper dere vil lage en sak om aktiviteten dere gjennomfører!
Vennlig hilsen
Infoleder, Ane Mjåtveit

# 7. februar 1992

**Reknar ikkje med at den datoen seier så mykje, men det er kanskje einkvan som husker dagen.**

Det var då me hadde «gravølsfest» for Varhaug Meieri. Til den festen hadde eg laga ein song, som eg ikkje hadde kopi av og mest heilt gløymt av. Men då Vidvei var på bygdekvinnelaget sitt møte i oktober, sa han at han hadde ein song på kontoret, som handla om slutten på meieriet. Vel nå er songen komen «heim». Og om eg må seia det sjølv: «den tykte eg var veldig god». Nå tek eg den med her i bladet, så forsvinn den ikkje ein annan gong.




## Song til gravølsfesten for Varhaug meieri 7. februar 1992

Tone: mot i brystet – vett i pannen

«Mot i brystet - vett i pannen» - Ja, det he me framleis - sjølv om VARHAUG MEIE-Ri - te Bjerkreim gjekk. Tenk koss alle saman hadde kjempa, for å få behalda det me hadde ått i mange, mange år!

Men det gjekk ei slik - dei med «VED» he makt, så den kampen tapte me med glans. Men de BJERKREIM kan nå berre bala med den osten, me skal nok få til ein annan produksjon!

Andre meie-ri he vorte bedehus og festsal - noko slikt skal ikkje me på Varhaug ha. Me skal nok få nye næring her i meie-riet, arbeidsplasser vert det ei for mange av.

Berre gje oss tid - så skal de få sjå me skal nok få gang på dette her. Ikkje vert det fødestove/soneterapirom - nei, me tenke meir på sunne norske mat!

Å laga ost det er ein kunst som ikkje alle makter. Varhaug var ein einer her i mange år! Om de Bjerkreim nå får klatt, så får de bara koma - ned til oss på Varhaug og få gode råd.

Ja, så kan de sjå - gale kan det gå - når de «store» skal bestemma alt! Tenk på alle pengane som kunne vorte sparde, om de bara hadde høyrt litt meir på oss.

*Skriven av Liv Hobberstad, og låg i eit songhefte som vart bruka på festen.*




## Julestjerner i Løa på Lensmannsgarden fredag 15 desember

**Tre nydelige stemmer - på samme scene.**

**Artistene Hanne Sørvaag, Randi Tytingvåg og Britt-Synnøve Johansen har siden julen 2010 gjort stor suksess med sine tolkninger av alt fra tradisjonelle norske julesanger til amerikanske klassikere. De velger blant sine favoritter fra julerepertoaret, og sammen leker de seg gjennom et svært allsidig program. I tillegg byr de også på egenskrevne julesanger hvor de deler raust av egne minner og tanker rundt julefeiringen.**

**Vi kan love en stemningsfull opplevelse når Julestjerner står på scenen. Flere publikummere mener dette er det store høydepunktet i førjulstiden.**

**Bare å glede seg, altså!**

**"Flere i bandet og blant vokalistene har jobbet sammen før i mange ulike konstellasjoner. Det merkes både ved at de er usedvanlig godt samspilte, men også ved en tilsynelatende varm og fin kjemi på scenen."**
**Stavanger Aftenblad (terningkast 5), Kine Hult**

**Konserten kl. 19:00 er utsolgt, men det er sett opp ekstraforestilling kl. 21:00. Billettene koster 350 kr og er til salgs på linticket.no (+ avgift) og på Bøen (bare kontant betaling)**



## Juletrefest på Lerbrekk

**Fjerde dag jul,**
**torsdag 28. desember kl. 18.00**
**er det juletrefest.**
**Sigbjørn Varhaug held andakt.**
**Agnes og Olav spelar.**
**Det vert posar til ungane.**
**Julebrød og lefse til dei vaksne. Gang rundt juletreet.**
**Inngangspengar.**

**Velkomen til store og små,**
**unge og eldre.**
**Vennelaget**



## Hå hagelag

**Den 7. desember er vi invitert til Det danske gartneri i Vatnekrossen for en hyggelig førjulskveld.**

**Påmelding på tlf.: 950 72 028 - kr.: 100,-**

**Buss fra Hå rådhus kl. 18.00**






## Dagens oppfordring:

**Bruk mulighetene til å kjøpe julegavene på Varhaug. Sjekk utvalget på Varhaug før du reiser andre plasser.**

Kom inn i varmen på Stuelandbygget etter de har tent julegrana ved Rådhuset!

Fredag 1.12 serverer Asbjørn varm gløgg og har åpna kakeboksen. Heldige oss får invitere til gratiskonsert med korpset. Kom opp i Asle sitt atelier i 2.etg kl 18.30 og nyt stemninga!

Lørdag kl 11 - 13 har Gordon grøten klar. Ta med familien og kos dere med herlig grøt!

Lørdag 23.12 kl 13.00 er det tid for den koselige, årlige julekonserten  med Kirsten sitt barnebarn : Linus Nord Varhaug. Garantert julestemning ilag med ein flott, talentfull, ung musiker. Kirsten og Asbjørn serverer kaffi.



# Kunst & Kult på Lerbrekk - årets kulaste utstilling og herleg kafé

**Like så sikkert som me kjem til siste helg i oktober og skal stille klokka tilbake, like sikkert er det at Klara Pil med hennar kreative gjeng, kjem og riggar seg til på Lerbrekk med alt muleg for ein kvar smak.**

Ja, for dei på Köhler-Paviljongen har litt av kvart for smaken, mellom anna rabarbrasaft, gløgg, honning og grønsaker på glas. Klara Pil har masse ting laga av pil, både korger og pynteting. Ane frå Krims & Krans har rigga seg til i vedskjulet, og ute er det pynta med kransar og dekorasjonar. Imponerande når dei kan slike ting. Kunstverk vil nå eg kalle det. Ho hadde det lett då dei skulle pakka ned, for det meste var seld.

Elles var Wenche Eltervaag frå Såpekjøkkenet med sine hudpleieprodukt både for menneske og kjæledyr. Elles var det Aud Lavik med skinnvesker, Stavanger glasblåseri, Nina Filtmaker og Torhild F. Jacobsen, keramikk som var med.

Dei var like imponerte som tidlegare år for å vere på Lerbrekk. -Det er den beste plassen å ha utstilling. Det er noko med atmosfæren her og mottakinga me får, lyder det samstemt. Neste år er det 10 års jubileum.

For oss i Vennelaget som sytte for kaffi og noko å bite i, var det full rulle både laurdag og sundag. Det strøymde på med folk så det til tider var trongt både ute og inne. Det seier noko om at det er gildt å koma til Lerbrekk. Folk kom faktisk langvegs frå og, både nord og sør, høyrde me. -Så kjekk plass, har aldri vore her før. Imponerande. Slikt er gild å høyre for oss som steller til på Lerbrekk.







**Sundagskafeen** den 5. november var godt besøkt. Nå vert det ikkje sundagskafé før den 4. februar 2018. Då er du velkomen innom skulen for kaffi, vaflar, kake og ein gode drøs. Det hender at folk trur me serverer middag når dei ser skiltet ved vegen, men det gjer me altså ikkje.

**Lefsebaking** vart det også i år. Måndag 6. november var det god «gang» med ein gjeng som hadde gjort dette før. Eplå var det Olaug som hadde kokt. Harald og Torill laga deig og «ebne». Berit baka føre, Brit bake etter, Ingunn steikte og Astrid «klinte». Sigbjørn kokte middag, og jammen kom Sigrid med sviskegraut i år og. Nykokt og heilt perfekt i smak og konsistens. Dette har ho gjort mange gonger. Det vart ein kjempegilde dag. Veldig sosialt å vera med på dugnad. Ein blir godt i lag av slikt.

Vaskegjengen var òg i sving. Her er inga aldersgrense. Faktisk trur eg at dei held seg ekstra friske og spreke denne gjengen på Lerbrekk. Og skulen vitnar om at det er liv i bygget.

**Jubileumsutstilling Jæren Quiltelag**
Det er 20 år sidan dei starta opp Jæren Quiltelag. Me var så heldige å få jubileumsutstillinga til Lerbrekk 11. og 12. november. Her er det kreative damer som «potlar» og syr. Fantastiske kunstverk med mykje arbeid bak, som det var kjekt å få sjå. Dei er mellom 40 og 50 medlemmer, frå Helvik i sør til Randaberg i nord, som har møte ein gong i månaden på 1900-huset på Bryne. På møta kjem det ca. 25 damer kvar gong, og då inspirerer dei kvarandre på mange måtar. –Veldig kjekt å koma saman og diskutera teknikkar, stoff og andre ting, seier dei som er med. Timane går fort når ein held på med slike handarbeid.

Quilting er ein gamal teknikk som vert gjort med både symaskin og for hand. Ein trur at det starta i Europa om lag i det 5. århundre. Det er brukt til alt frå sengetepper til veggtepper eller dukar og klede.

Jæren Quiltelag har utstilling kvart femte år. Litt var det for sal, men det meste var berre til utstilling. Ei sa at ho var fast og selde handarbeid i Julebyen i Egersund.

Ei fantastisk utstillingshelg er over, les eg på Facebook-sida deira etter helga.

Takk at de la utstillinga til Lerbrekk.

*Brit Obrestad*








# SPEEDCROSS = SAMHOLD



**Når det nærmer seg tida for å stille klokka til vintertid kommer spørsmålet igjen – «ska me ikkje arrangera cross-løp på speedwaybanen?»**

Klart me skal det! Oppskriften er enkel – og reglene temmelig enkle. Løpet går over fire tirsdager, du har mulighet til å slette et av resultata, så dersom du ikkje kan være med på alle fire, går dette heilt fint.

Løpet blir kjørt som et speedway løp der ein gir og noterer poeng på same måten for kvart heat.

Som tidligere år kjører me to klasser, dei «små» (85 cc) og dei «store» (125 +). Kvar løpsdag har ein finalerunde der dei beste frå kva klasse i kvart heat kjører mot kvarandre. Denne tirsdagen var det ein vel vaksen kar som var veldig fornøyd med å koma til finaleheatet, og få kjøra mot nevøen sin, Magne Klingsheim.

Dersom du møter opp og ikkje skal kjøre, må du være klar til å hjelpe til som funksjonær , alle kan hjelpa til med noko!

Eg tok turen opp for å sjå på denne «galskapen» - kjekt å sjå at det er så mykje aktivitet på ein litt haustale tirsdagskveld. Mange blide fjes, mykje lått og løye, men på banen blir det med ett blodig alvor.

I klassen for dei «små» er det denne kvelden knivskarp konkurranse i eit av heata, frå egen klubb har me superråe Martine Hughes (12 år) som bokstavelig talt kjører fletta av guttane. Men i dette heatet måtte ho sjå seg slått av Jarle Falmår frå Bybergsanden Motorsykkelklubb. Einaste grunnen til at ho slakka på gassen var at alternativet var å gå rett i gjerdet…. Tipper ho kjem sterkt tilbake neste veke.

Intern kriging hos «dei store» og – kven er best på denne banen? Blir det Glenn Moi eller Magne Klingsheim som til slutt stikker av med sammenlagt seier. Det at Glenn til vanlig kjører speedway hjelper ikkje veldig mykje her, det har me sett fleire gonger.

Oppe i dommertårnet finn eg ein gjeng som har «skifta side» for anledningen. Til vanlig kjører dei alle motocross, og er å finna på andre sida av banen og dommertårnet. Idag er dei ansvarlig for start og tidtaking.

Det gjeld å halda hovudet kaldt, dei kjører jo ikkje med hjelmtrekk så det kan kanskje være litt vanskelig å sjå kven som kjem først og sist.

Så gleder me oss alle til siste runde der det blir avgjort kven som er best i speedcross.



Etter to runder ser det slik ut;

85 cc

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Mathias Pollestad | (20+19) | 39 p |
| 2. | Martine Hughes | (19+17) | 36 p |
| 3. | Arve Gramstad | (18+18) | 36 p |
| 4. | Brian Hellestø | (14+14) | 28 p |
| 5. | Jo Utbjoa | (11+16) | 25 p |

125+

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | Magne Klingsheim | (19+20) | 39 p |
| 2. | Glenn Moi | (20+19) | 39 p |
| 3. | Marcus Haugland | (18+18) | 36 p |
| 4. | Mathea Selebø | (16+16) | 32 p |
| 5. | Oddvar Klingsheim | (14+17) | 31 p |

Det kan bli spennande å sjå kven som stikk av med seieren i slutt.

Uansett - kjekt å sjå at noko så enkelt kan skape så mykje glede.



*Gode støttespelarar.*

## Elgane - Årets speedwayarrangør

Elgane var godt til stede på årets Motorsportkonferanse som vart avholdt på Gardermoen. Klubben stilte med representanter frå alle tre greiner.

Der fekk me den gjeve prisen «Årets Speedwayarrangør» for gjennomføringa av YGT. Kjekt at forbundet set pris på arbeidet me la ned i forbindelse med dette arrangementet.



# Skulegata 8, Varhaug

Tidløs firemannsbolig med praktiske planløsninger



KONTAKT
Jarle Reime, tlf. 979 46 255
Epost: jarle.reime@norgeshus.no

BRA 108 m² - 3 soverom - Carport

NORGESHUS
Varhaug



# HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

MECA CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

MECA CAR SERVICE




# HALLBASAREN 2017

Sundag 3. desember kl. 1600

| | |
|---|---|
| **15.45** | **Dørene åpnar** |
| **16.00** | **Minikoret opptrer** |
| **16.15** | **Turnen opptrer** |
| **16.30** | **Servering av gratis grøt og saft** |
| **17.10** | **Idrettsskulen opptrer** |
| **17.30** | **Trekning** |

**Mange flotte gevinstar – vel møtt!**

FOTBALL TRIM & FRIIDRETT HÅNDBALL BADMINTON KLATRING TURN VOLLEYBALL IDRETTSSKULEN

# Biblioteket på Varhaug

Torsdag 7. desember kl. 17.30 – 18.30 er det bokkafe for barn. Britt Astrid Helland Ek fortel og les frå nye bøker. Enkel servering. Frå 4 år til 2. klasse.

BIBLIOTEKET I HÅ



## Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
**15. februar**

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

**Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.**

## Varhaug skule-musikkorps

har fått lov til å senda med ein info m/giro i dette bladet. Korpset har i lang tid hatt det tungt med få musikantar og såleis få føresette til å driva alt arbeidet som trengs for å halda korpset i svev. Styret i Varhaugbuen tykkjer korpset er viktig for bygda, og gir dei her "eit løft". Det er korpset sjølv som har putta infobrevet inn i bladet.

## Bingoen og kortspelet

som Turid Skretting var primus motor med å få i gang i Sentrumsgården, er framleis oppegåande, sjølv om dei både har bytta plass og skilt lag. Begge deler er på mandagar, kortspelet i kjellaren på Iden kl. 11.30 og bingoen på Eldresenteret kl. 15.00. Det er helst ein faste gjeng som møter opp kvar gong, men det er plass til fleire.



JULEGAVETIPS I FK BUTIKKEN!
GAVEESKE RENT TIL JUL!
LILLEBORG 13 DELER
229,-
(450,-)
LUE MED LED-LYS
299,-
adsign.no
DUMPER OG DRILL
CAT BRUDER 1:16
499,-
JULE-GAVE-TIPS!
1499,-
(1 699,-)
BATTERIDRILL
METABO BS 18 2 X 2 BATTERIER
OG HELE 74 TILBEHØRSDELER
metabo
FK BUTIKKEN VARHAUG
Tlf. 51 77 14 70
Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14
FK
butikken
fkra.no/fkbutikken




ÅBRØR
Trenger du hjelp
ta kontakt med vår
mann på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81
Tlf 48 50 97 80 post@abror.no
Vi utfører alle typer oppdrag innen:
Nybygg, rehabilitering, service, bolig, fjos og industri
Sverre Berge
48 50 97 80
sverre@abror.no
Arne Berge
48 50 97 82
arne@abror.no
Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no